



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 11.10.2019
Vår ref.: 2019/17980-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Isdal gnr 185 bnr 2,4,5 - Ny vassleidning - Lindås kommune


Viser til brev datert 09.10.19 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det fleire kjente automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne nær arealet der nye tiltak er prosjektert. Like ved ny vassleidning (trase nord) ligg eit automatisk freda gravminne (Askeladden id. 97663) og den Trondhjemiske postveg (Askeladden id. 224204). Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vi ynskjer å gjere tiltakshavar og ansvarleg søker oppmerksam på at det ikkje kan utførast tiltak innafor automatisk freda kulturminne med tilhøyrande sikringssone, utan at det er søkt og gitt dispensasjon frå kulturminnelova § 8.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.



Figur 1. Askeladden id. 97663 og 224204

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.